

**Fra:** Online (p-ank@online.no)

**Sendt:** 10.01.2016 11:46:32

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:** Emil Lennart Pålikoff Gadolin

**Emne:** Spørsmål til OPHE i sak PS 4/16

**Vedlegg:**

Hei!

Eg ønskjer å stille nokre spørsmål ved handsaminga av sak PS 4/16 i opplæring og helseutvalget fram til førstkommande torsdag.

Utvalget utsette saka for å få ei vurdering av politisk styrerepresentasjon i dei private skulane.

Vedtaket var slik:

"Utsett saken til første ordinære møte i OPHE. Vurdere politisk representasjon i styret.»

Vurderinga som er gitt i sakspapira er på at fylkeskommunen skal ha representasjon i styret. Det var det aldri stilt spørsmål om.

Den einaste vurderinga kring tema er "Skulane melder tilbake at det av konkurranseomsyn er mest hensiktsmessing at tilsette ved opplæringsavdelinga er styrerepresentantar."

Så eg ber om ei grunngjeving for kva konkurransehensyn det er snakk om her!

Av den grunn ønskjer eg også ut korrespondansen ,gitt frå den enkelte skule i tidsrommet frå 10/11 til utsendelsen av sakspapira, som stør konklusjonen om at det kan vere konkurranseomsyn.

Korleis kan politisk representasjon vere konkurransevidende?

"Ein representant oppnemnd av vertsfylket er gjeven rett til å vere til stades på møte i styret, til å seie meininga si og få denne tilført protokollen."

Vidare er spørsmålet da:

Kan ikkje ein politikarar stette dette?

Siste spørsmål går på habilitet.

"Fylkesdirektør opplæring foreslår at følgjande vert oppnemnt som styremedlem ved dei frie vidaregåande skulane i Hordaland fylke:

Framnes kristne vidaregåande skule: Regionleiar Annbjørg Laupsa

Danielsen vidaregåande skole og Danielsen intensivgymnas: Seksjonsleiar Linda Farestveit

Krokeide vidaregåande skole: Seksjonsleiar Torbjørn Mjelstad

Rudolf Steinerskolen i Bergen: Regionleiar Sissel Øverdahl

Metis Akademiet Bergen: Regionleiar Sissel Øverdahl

Bergen Private Gymnas: Regionleiar Sissel Øverdahl

Sonans Bergen: Regionleiar Sissel Øverdahl

Kongshaug musikkgympnas: Seksjonsleiar Birthe Haugen

Hop vidaregåande skole: Regionleiar Hillevi Runshaug

St. Paul gymnas: Regionleiar Hillevi Runshaug

Steinerskolen på Skjold: Seksjonsleiar Nina Ludvigsen"

"Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen"

Er det slik at saksbehandler og ein av dei som skal nemnast ut er ein og samme person?  
Er det godtgjørelser i styreverva?

Ser fram til snarlig svar.

Mvh

Katrin I. Ankervold

Medlem av OPHE

Sendt fra min iPad